



Arkivsaksnr.:
2022/8830

Dokumentdato:
03.09.2024

Styre:
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:
52/24

Møtedato:
10.09.2024

Sluttrapport, Studieporteføljeprojektet ved Det humanistiske fakultet

Dokument i saka

- [Posisjonsnotat](#), lagt fram for Fakultetsstyret i sak 28/22, fakultetsstyremøte 21. juni 2022
- [Rapport frå arbeidsgruppe](#) i forprosjekt til Studieporteføljeprojektet, sak 9/23 til fakultetsstyremøte 21. mars 2023
- [Arbeidsgruppe](#) for prosjektet Studieporteføljen, sak 19/23 til fakultetsstyremøte 9. mai 2023
- Sluttrapport med forslag til tiltak og framdriftsplan (*vedlagt*)

Bakgrunn for saka

Studieporteføljeprojektet ved HF vart først initiert av dekanatet gjennom eit posisjonsnotat som vart lagt fram for fakultetsstyret i juni 2022. Posisjonsgrunnlaget danna grunnlag for eit forprosjekt, som skulle utarbeida eit kunnskapsunderlag og gje ei retning for vidare arbeid med studieporteføljen ved HF. Fakultetsstyret slutta seg i mars 2023 til tilrådingane til forprosjektet, og sette ned ei arbeidsgruppe for å ta prosessen vidare. Målet for prosjektet har vore å revidere porteføljen av studieprogram for å styrke studiekvalitet, studentrekruttering og gjennomstrøyming. Arbeidsgruppa hadde sitt første møte i september 2023, og fakultetsstyret har blitt orientert munnleg om framdrifta i prosjektet i løpet av prosjektperioden. Sluttrapport med forslag til tiltak og framdriftsplan blir med dette lagt fram for fakultetsstyret.

Oppsummering av tiltak

Arbeidsgruppa føreslår følgjande tiltak:

- a) Ein modifisert modell for BA-programma ved fakultetet, der studentane tek 30 studiepoeng på 200-nivå i semester 6 og der dei 60 frie studiepoenga ligg i semester 4 og 5.
- b) Det blir innført eit krav om at alle BA-studentane skal ta minimum 30 studiepoeng utanfor eige spesialiseringfag.
- c) Det vert etablert eit system med tilrådde valfrie emnepakkar på 30 studiepoeng sett saman av eksisterande emne.
- d) Alle BA-program på fakultetet skal innehalda minst eitt fellesemne på 10-15 studiepoeng i spesialiseringa. Fellesemna skal inngå i to eller fleire program.
- e) Det vert etablert eit nytt felles obligatorisk innføringsemne i første semester på 10 studiepoeng. Emnet skal gje ei innføring i generiske HF-ferdigheiter knytt til lesing og skrivning i lys av KI og digital kompetanse.

- f) Mentorordninga vert utvida til å omfatta heile det første studieåret for alle BA-studentar.
- g) Alle programstyre skal setja i verk konkrete tiltak for å styrkja gjennomføring og auka studiepoengproduksjonen.
- h) På sikt skal det etablerast eit utval engelskspråklege studietilbod med sikte på større internasjonal rekruttering.

Forslag til modifisert modell for BA-løpet ved HF:

6. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering, 200-nivå		
5. semester (H)	60 studiepoeng: 30 studiepoeng breiddekomponent / 30 frie studiepoeng		
4. semester (V)			
3. semester (H)	30 studiepoeng spesialisering		
2. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering		
1. semester (H)	Ex.phil. 10 stp.	Fellesemne HF 10 stp.	Programspesifikke innføringsemne 10 stp.

Vidare organisering

Studieporteføljeprojektet ved HF går inn i ei ny fase, ein fase der tilrådingar og tiltak skal utviklast og implementerast. Arbeidsgruppa føreslår å i så stor grad som mogleg bruke eksisterande styringsorgan i arbeidet med studieporteføljen. Det skal etablerast ei styringsgruppe som har det overordna ansvaret for koordinering av tiltaka. Studiestyret har det operative ansvaret for framdrift og revisjon knytt til studietilbodet til HF. Fakultetsstyret er eigar av prosjektet.

[NN sine] kommentarer

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret sluttar seg til tilrådingane i arbeidsgruppa sin sluttrapport, inkludert framdriftsplan for vidare organisering og implementering av Studieporteføljeprojektet.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør



Sluttrapport frå Studieportefølje prosjektet

Det humanistiske fakultet



UNIVERSITETET I BERGEN

Innhald

1. Innleiing	2
2. Tilrådingar	4
3. Bakgrunn og utfordringsbilete	5
4. Arbeidet i arbeidsgruppa	10
5. Dei enkelte tiltaka opp mot mandat	12

1. Innleiing

Studieporteføljeprojektet ved HF vart først initiert av dekanatet gjennom eit posisjonsnotat som vart lagt fram for fakultetsstyret i juni 2022 (sak 28/22). Med bakgrunn i posisjonsnotatet vart det sett i gang eit forprosjekt for å utarbeida eit kunnskapsunderlag og gje ei retning for det vidare arbeidet med studieporteføljen ved fakultetet. Målet var å identifisera interne og eksterne hovudutfordringar i utviklinga av porteføljen. Ein sentral del av forprosjektet var å perspektivera studieporteføljen komparativt, både for å identifisera særdrag og særskilte utfordringar ved HF og for å drøfta og synleggjera korleis vår eigen portefølje kan utviklast vidare. Forprosjektet utarbeidde òg eit oversyn over ulike kvantitative tidsdata knytt til HF sin studieportefølje, som studentrekruttering, gjennomføring og utviklinga i talet på studieprogram og -emne. I tillegg drøfta forprosjektet potensialet for tverrfaglege studieprogram ved HF, samt tilhøvet mellom disiplindeflagleg og tematisk innretning på studieporteføljen. Ein sentral del av forprosjektet var å drøfta korleis endringar i studieporteføljen best kan forankrast i fagmiljøa og korleis prosessane knytt til dette bør gripast an vidare.

Arbeidsgruppa i forprosjektet hadde følgjande medlemmer: Svein Ivar Angell, leiar, Steinar Bøyum (FoF), Ines Prodöhl (AHKR), Ingunn Lunde (IF), Heming Gujord (LLE), Axel Legaard (stud.rep.), Hanne Svanholm Misje (HF) og Julie Alver Tønsaker (HF). Arbeidsgruppa konkluderte med at det burde setjast ned ei ny arbeidsgruppe for å arbeida vidare med HF sin studieportefølje, og føreslo at denne gruppa burde gjera ein grundig gjennomgang av studieprogramporteføljen ved HF ut frå følgjande føresetnader:

- Identifisera program som har særskilte utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring.
- Program- og emneportefølje skal forenklast. Dette kan innebera nedlegging eller omorganisering av program.
- Det skal arbeidast med tiltak for å styrkja kvalitet og gjennomføring i programma.

- Det skal vurderast å oppretta program med tverrfagleg profil og klar arbeidsrelevans.
- Arbeidsgruppa skal ta omsyn til pågåande og framtidige prosessar knytt til studieporteføljen ved fakultetet: Implementering av ny modell for lektorprogramma, arbeidet med å etablera eit FPØ-program og å utarbeida ein strategi for EVU-tilbodet ved HF.

På møte i mars 2023 slutta fakultetsstyret seg til tilrådingane til forprosjektet, og sette ned følgjande arbeidsgruppe for å ta prosessen vidare (fakultetsstyresak 9/23):

Svein Ivar Angell, visedekan for utdanning (leiar)

Steinar Bøyum, instituttleiar FoF

Anders Fagerjord, instituttleiar LLE

Kari Jegerstedt, senterleiar SKOK

Martin Paulsen, instituttleiar IF

Teemu Ryymin, instituttleiar AHKR

Rasmus T. Slaattelid, senterleiar SVT

Dekanen oppnemnde studentrepresentantane Kimberly Nyborg, Yrja Skjærum, Frøya Lothe Flateråker og Yimin Dong som medlemmer av arbeidsgruppa. I tillegg har Hanne Svanholm Misje og Unni Karin Utvik frå fakultetsadministrasjonen vore med. Signe Nilssen (LLE) vart oppnemnd som representant for studieleiarane. Ho gjekk ut av gruppa i januar 2024 og vart erstatta av Jan Jacob Hoffmann (AHKR). Arbeidsgruppa vart supplert med undervisningskoordinatorane ved institutt og einingar vinteren 2024: Christian Sæle (AHKR), Torodd Kinn (LLE), Birger Solheim (IF), Jesse Tomalty (FoF) og Kjersti Aarstein (SKOK) (fakultetsstyresak 16/24).

Arbeidsgruppa har hatt møte om lag ein gong i månaden. Eit arbeidsutval sett saman av Angell, Utvik, Misje og Nilssen/Hoffmann har hatt det operative ansvaret i prosjektet, og har møttest kvar veke. I tillegg vart det etablert ei referansegruppe for prosjektet. Denne er sett saman av ulike representantar frå eksterne interessentar knytt til HF sin studieportefølje, og har hatt følgjande medlemmer: Vidar Pedersen (HK-dir), Ida Holen (Strawberry), Kristine Werdelin Bergan (Nærings- og fiskeridepartementet), Kjersti Rognes Solbu (Fyllingsdalen VGS), Arnt Ola Fidjestøl (Vestland fylkeskommune), Johanne Gillow (Bergen Kommune). Her har det særskilt vore viktig å samla innspel frå relevante arbeidsgjevarar i ulike sektorar. Denne gruppa har hatt to møte, der medlemmer frå arbeidsgruppa i prosjektet òg var med.

Arbeidsgruppa samla seg relativt tidleg i prosessen om å konsentrera arbeidet til BA-programma. Bakgrunnen for dette var pragmatisk, først og fremst ved at det er her fakultet har aller

flest studieplassar. Tilstanden på BA-programma knytt til rekruttering, gjennomføring og studiekvalitet har òg beinveges konsekvensar for tilstanden i årsstudia og lektorprogramma ved fakultetet. Rekruttering og gjennomføring på BA-programma er likeins avgjerande for rekrutteringa til MA-programma og kor godt førebudde studentane er på å gjennomføra ein mastergrad ved fakultetet.

Eitt av mandatpunkta seier at arbeidsgruppa skal ta omsyn til pågåande og framtidige prosessar knytt til studieporteføljen ved fakultetet, som implementering av ny modell for lektorprogramma, arbeidet med å etablera eit FPØ-program og å utarbeida ein strategi for EVU-tilbodet ved HF. Arbeidsgruppa har ikkje hatt kapasitet til å gå direkte inn i desse andre prosessane. Når det gjeld lektorprogramma har det vore sentralt for arbeidsgruppa å ikkje føreslå tiltak som kan koma i konflikt med implementeringa av ny modell frå hausten 2024. Når det gjeld EVU, så er det framleis mykje som er uavklart både på nasjonalt nivå og på UiB-nivå. Det er i ferd med å verta etablert nye tilskotsordningar for EVU retta mot lærarar. Tidlegare ordningar – som Kompetanse for kvalitet – vert fasa ut. Internt på UiB vert det òg arbeidd med ulike økonomimodellar på EVU-feltet. Arbeidet med å få etablert eit FPØ-program har gått føre seg i ei eiga arbeidsgruppe som er eit samarbeid mellom HF og SV-fakultetet. Her tek ein sikte på å få etablert eit nytt program frå hausten 2026.

2. Tilrådingar

Arbeidsgruppa føreslår følgjande tiltak:

- a) Ein modifisert modell for BA-programma ved fakultetet, der studentane tek 30 studiepoeng på 200-nivå i semester 6 og der dei 60 frie studiepoenga ligg i semester 4 og 5.
- b) Det blir innført eit krav om at alle BA-studentane skal ta minimum 30 studiepoeng utanfor eige spesialiseringfag.
- c) Det vert etablert eit system med tilrådde valfrie emnepakkar på 30 studiepoeng sett saman av eksisterande emne.
- d) Alle BA-program på fakultetet skal innehalda minst eitt fellesemne på 10-15 studiepoeng i spesialiseringa. Fellesemna skal inngå i to eller fleire program.
- e) Det vert etablert eit nytt felles obligatorisk innføringsemne i første semester på 10 studiepoeng. Emnet skal gje ei innføring i generiske HF-ferdigheiter knytt til lesing og skriving i lys av KI og digital kompetanse.
- f) Mentorordninga vert utvida til å omfatta heile det første studieåret for alle BA-studentar.
- g) Alle programstyre skal setja i verk konkrete tiltak for å styrkja gjennomføring og auka studiepoengproduksjonen.
- h) På sikt skal det etablerast eit utval engelskspråklege studietilbod med sikte på større internasjonal rekruttering.

Dei enkelte tiltakspunkta – og korleis dei svarer på mandatet – er meir utførleg omtalte nedanfor.

3. Bakgrunn og utfordringsbilette

Rapporten frå arbeidsgruppa for forprosjektet gjer greie for mange av dei overordna perspektiva og kunnskapsunderlaget for arbeidet med studieporteføljeprojektet (Forprosjekt studieportefølje: Rapport frå arbeidsgruppe, S9/23).

Utgangspunktet for analysen er dei internasjonale utviklingsdraga som har prega høgare utdanning sidan Bologna-prosessen og kvalitetsreforma ved starten av 2000-talet. I mykje utdanningsforskning frå dei siste åra er det hevda at det er *konkurransesstaten* heller enn *nasjonalstaten* som i dag rammar inn utdanningssystemet. Utdanning vert i større grad sett som eit middel i konkurransen mellom statane enn som eit verktøy for innbyrdes sosial utjamning, identitetsskaping og danning. Dette gjev seg ulike utslag på mange nivå, mellom anna ved at konkurransen om studentane har hardna til både nasjonalt og internasjonalt. Utdanning vert i enda større grad forventa å svara på arbeidslivet sine framtidige behov, på same tid som det artar seg som meir og meir uvisst kva desse behova reint faktisk er. *Kompetanse* heller enn *kunnskap* har vorte det samanbindande utdanningspolitiske omgrepet. Førestillinga er at heller enn faktisk fagkunnskap, vil samfunnet i framtida ettersørja ferdigheiter som gjerne vert omtalt som «the 21st century skills», til dømes kritisk tenking, kommunikasjon, samarbeid og kreativitet.

Som disiplinær vaks dei humanistiske faga fram i tett samband med dei europeiske nasjonsbyggingsprosessane på 1800-talet. Dette er ein arv som har prega humaniora sin identitet fram til i dag. Den i all hovudsak disiplinéfagelege organiseringa av studieprogramma ved HF/UiB avspeglar i seg sjølv denne arven. På ei anna side kan dei kompetansane som vert assosierte med «the 21st century skills» seiast å vera ferdigheiter som kjenneteiknar humanistisk utdanning i særskilt grad. Ein viktig styrke ved HF-kompetansane er nettopp at dei er generiske og overførbare. Studiar frå Storbritannia og Sverige viser at humanistiske kandidatar skårar særskilt høgt på evna dei har til å bruka kompetansen sin i ulike delar av arbeidslivet.

Det er likevel slik at måten dei humanistiske studieprogramma er organiserte på gjer det krevjande å kommunisera samfunns- og arbeidsrelevansen av humaniora utetter, og særskilt overfor potensielle studentar. Det er påstått at noko av denne utfordringa òg representerer eit kulturelt problem ved humaniora sjølv: Det kritiske potensialet som er ein sjølvsgatt og naturleg del av humanistar sin identitet, vert gjerne brukt reaktivt heller enn generativt.

Kunnskapsunderlaget som vart utarbeidd i samband med forprosjektet, synte rammene for og utviklinga av ulike kvantitative tidsdata fram til og med haustsemesteret 2022. Eit sentralt utgangspunkt er kor avhengige fakultetet er av resultatinntektene frå studiesida. Dette følgjer av

inntektssystemet som vart innført i UH-sektoren i 2012, som innebar at ein større del av inntektene til institusjonane skulle vera resultatbaserte. Utslaget for HF ved UiB sin del er at delen av inntekter frå den reine basisløyvinga sank frå 64 % i 2012 til 55 % i 2023. På same tid gjekk dei resultatbaserte inntektene – der inntektene frå studiepoeng- og kandidatproduksjonen utan jamføring er dei viktigaste – frå å representera vel 25 % til å utgjera nær 40 % i det same tidsrommet.

Dette inneber at fakultetsøkonomien er svært avhengig av resultatmidlar frå studiesida, og at denne avhengigheita aukar over tid. Tilgangen til og rekrutteringa av studentar vert mot ein slik bakgrunn den aller viktigaste innsatsfaktoren, og dinest vert det avgjerande å få studentane til å ta eksamen i emna og å fullføra studieprogramma. Studentfråfallet på HF-programma er høgt og gjennomføringa tilsvarande låg, og fråfallet er særskilt høgt dei to første semestera. For å fylla studieplassane, er fakultetet såleis avhengig av å overbooka, dvs. at ein tek inn langt fleire studentar enn vi har studieplassar til. Men denne overbookinga er ujamt fordelt. Dei fleste studieprogramma ved HF har som utgangspunkt ikkje hatt søkjarar nok til å fylla studieplassane. Difor har ein måtta overbooka tilsvarande mykje på dei populære programma for å fylla studieplassane samla sett.

Fakultetsøkonomien kviler såleis på at HF klarer å rekruttera tilstrekkeleg mange studentar til å fylla dei grunnløyvingsfinansierte studieplassane. I åra under pandemien – mellom 2020 og 2022 – var dei samla søkjartala til HF gode. I 2021 møtte til dømes 749 BA-studentar til studiestart, noko som var rimeleg godt over talet på studieplassar (698). Men over tid har søkjartala gått ned. I 2023 møtte 519 BA-studentar til studiestart., og i 2024 møtte 476 BA-studentar til studiestart¹. Dette ligg òg på eit nivå godt under nivået før pandemien.

Den utviklinga som er skissert ovanfor, har såleis vorte enda tydelegare dei siste åra. Konsekvensane av henne gjer seg òg gjeldande på ein enda meir konkret måte. Først og fremst gjeld dette ved at mange institusjonar i den norske UH-sektoren no planlegg eller er i ferd med å gjennomføra tiltak med studieporteføljen, og at dette har konsekvensar for dei humanistiske faga. Ved Universitetet i Tromsø har til dømes universitetsstyret nyleg vedteke å innføra ein ny og felles modell for dei disiplinfaglege studieprogramma. Omleggingane her inneberer mellom anna ein reduksjon i kor mange studiepoeng dei ulike spesialiseringane inneheld, og at det vert etablert fellesemne mellom ulike fag som obligatoriske innslag i gradane. Intensjonen med desse tiltaka er å utnytta undervisningsressursane betre. Studieporteføljen ved UiT har ein stor overkapasitet ved at ein på mange studieprogram ikkje fyller studieplassane ein er tildelt. Den nye modellen legg i ein annan grad til rette for å utnytta undervisningsressursar på tvers av studieprogram. Men endringane er på same tid grunngevrne fagleg. Tanken er at den nye modellen vil leggja til rette for å endra studietilbodet i ei retning som betre svarar på samfunnet sitt behov.

¹ Desse tala er ikkje inkludert lektorprogramma og årsstudia ved HF

Ved NTNU vart prosjektet "Fremtidens HUMSAM-studier" gjennomført i perioden 2019-2022. Bakgrunnen for prosjektet var ønsket om å leggja til rette for å tilby fleire tverrfaglege studietilbod i samarbeid mellom dei humanistiske og dei samfunnsvitskapelege faga. Ein sentral del av prosjektet var òg å stimulera til meir arbeidslivsrelevans i studietilbodet, og å leggja til rette for meir berekraftig ressursbruk i undervisningsverksemda. Prosjektet kom med ei rekkje tilrådingar som etter planen skal vidareutviklast og implementerast både på institusjonsnivå og innanfor rammene av fakultet, institutt og studieprogram.

Ved Universitetet i Oslo vart det gjennomført fleire store endringar i dei humanistiske studieprogramma i åra etter 2010, mellom anna ved at ei rekkje mindre studieprogram vart fasa ut. Fakultetet arbeider kontinuerleg med studieporteføljen, mellom anna ved at det har vorte etablert fleire tverrfaglege studietilbod dei seinare åra. Eit anna tiltak er "Prosjekt helhet", der ein søkjer å betra rekrutteringa, styrkja gjennomføringa og å styrkja studiekvaliteten og undervisningsmiljøet i studieprogramma. Ved HF på UiO har ein òg sett ned ei arbeidsgruppe for å utgreia moglegheitene for å innføra felles normer for kor mykje undervisningsressursar som skal brukast på studieprogramma.

Våren 2024 har sektoren som heilskap vore prega av mykje merksemd knytt til lågare søkjartal, mellom anna på lærarutdanningane, samt ei rekkje straktiltak i form av å ikkje tilby studietilbod med låge søkjartal. Det nye finansieringssystemet som er innført i sektoren tilseier òg at institusjonane sin økonomi vert enda meir avhengig av inntekter frå utdanningssida. For HF i Bergen er det òg eit poeng at konkurrerande institusjonar alt er godt i gang med tiltak for å tilpassa seg ein slik situasjon.

Korleis bør HF utvikla studieporteføljen sin med bakgrunn i dei utfordringane og rammene som er skisserte ovanfor? Svaret på dette spørsmålet er avhengig av kor vi vil gå, men òg kor det er realistisk at vi *kan* gå. Om vi først ser på fakultetsstrategien, gjev denne følgjande rammer for vidareutviklinga av HF sin studieportefølje:

«I 2030 skal humanistisk utdanning ved UiB være et naturlig førstevalg for kandidater som ønsker å forme samfunnets utvikling i Norge og verden. Vårt utdanningstilbud skal være forankret i fremragende forskning og undervisning, samt legge til rette for tverrfaglighet. Våre kandidater skal ha faglig dybde basert på refleksjon og innsikt, være digitalt kompetente, og være forberedt på å spille en aktiv rolle i samfunns- og arbeidsliv. Internasjonale perspektiv skal kjennetegne all utdanning på HF.»

Utdanningstilbodet ved Det humanistiske fakultet er forankra i forskning og god undervisning. Vi kan òg gå ut frå at vi utrustar kandidatane våre med fagleg djupn basert på refleksjon og innsikt. Men søkjartala fortel oss at studieprogramma ved HF ikkje eit naturleg førsteval for kandidatar som ønskjer å forma samfunnet i framtida. Studietilbodet ved fakultetet lever heller ikkje opp til dei andre

målsetnadane for den langsiktige utviklinga av studieporteføljen vår: Tilbodet er berre i liten grad prega av tverrfaglegheit. Sett utanfrå, er det òg vanskeleg å sjå på kva måte kandidatane våre er digitalt kompetente, med unntak av studieprogram der dette er ein integrert del.

Tilbakemeldingar frå den eksterne referansegruppa i studieporteføljeprojektet tyder òg på at kandidatane våre har vanskeleg for å gjera greie for korleis studiet dei har gjennomgått hjå oss er relevante i arbeidslivet. Når det gjeld dei internasjonale perspektiva i studietilboda, har HF ei rekkje framandspråkprogram. Her er det internasjonale perspektivet ein sjølvstendig og integrert del. Det står likevel dårleg til når det gjeld utvekslingsomfanget på fakultetet, òg på språkprogramma, med unntak av BA i japansk. Om vi skjønar «internasjonale perspektiv» meir generelt, at dette skal vera eit perspektiv som vert teke omsyn til i alle studieprogram ved fakultetet, kan ein heller ikkje seia at dette er synleggjort på ein tydeleg måte per i dag.

Korleis kan studieprogramma ved HF då verta eit naturleg førsteval? Noko kan ein oppnå gjennom rekrutteringsarbeid. Men rekrutteringsarbeid vil berre få god effekt om ein òg kan tilby studieprogram som vert opplevde som attraktive for potensielle søkjarar, og at desse programma har ein så god kvalitet som råd. Dine handlar det om at programma er oppbygde på ein slik måte at attraktiviteten og kvaliteten er lett å kommunisera utetter, overfor målgruppa.


Kva som appellerer til unge menneske i samfunnet vårt, vil variera over tid. Men om vi ser på kva type studietilbod i vår eigen portefølje som har vore særskilt attraktive i dei seinare åra, gjev det grunn for nokre refleksjonar. Masterprogrammet i berekraft som kom i gang ved SVT frå 2020, har utan jamføring vore det meste etterspurde studieprogrammet ved HF dei siste åra. Vidare er det grunn til å trekkja fram årsstudiet i kjønn, seksualitet og mangfald, årsstudiet i filosofi, BA i digital kultur, BA i japansk og lektorprogramma i engelsk og historie som særskilt etterspurde studieprogram. På desse programma har søkjartalet stort sett vore større enn talet på studieplassar.

Dei mest attraktive programma våre er såleis for det første studieprogram som på eitt eller anna vis tydeleg relaterer seg til dagsaktuelle samfunnsspørsmål. Dette er mest tydeleg når det gjeld temaområda berekraft samt kjønn, seksualitet og mangfald. Populariteten til filosofi og lektorprogrammet i historie kan tenkjast å vera uttrykk for at vi lever i ei uroleg samtid og at unge menneske søker forståing og innsikt i lys av dette. Om vi skjeler til studieprogramma på SV, kan ein på tilsvarande vis sjå at BA-programma i Samanliknande Politikk og Europastudiar er svært populære. For lektorprogrammet i historie sin del, samt lektorprogrammet i engelsk, handlar populariteten truleg òg om at dette er program med ein tydeleg uttalt arbeidsrelevans, sjølv om dette ikkje ser ut til å ha tilsvarande effekt for dei andre LU-programma ved fakultetet sin del. Når det gjeld digital kultur, er det opplagt at populariteten i tillegg skriv seg frå ein stor etterspurnad etter innsikt i alt som har med digitale ferdigheiter å gjera. Dette ser ein òg på SV, t.d. ved ein svært stor søknad til BA-programma i KI og Kognitiv Vitenskap. For sistnemnde program sin del kan det seiest å vera eit paradoks at mange av

studentane tek emne på HF. Det same gjeld eit anna populært program på SV – BA i Europastudiar. At BA i japansk har vore så populært over tid, kan truleg i nokon mon tilskrivast trekk ved populærkulturen i samtida. Men dette programmet har òg eit godt omdømme utetter, ikkje minst sidan det ligg inne eit års obligatorisk utveksling i programmet.

På denne bakgrunnen kan fakultetsstrategien til HF såleis seiast å gje ei god retning for korleis studietilbodet vårt bør utviklast vidare: å styrkja det tverrfaglege innslaget, å styrkja samtidsrelevans og arbeidsrelevans og å styrkja det internasjonale innslaget.

Det er ei stor utfordring for HF at det er avgrensa i kva grad vi kan bruka slike popularitetsparameter som eit styringsreiskap i utviklinga av studieporteføljen. Å flytta undervisningsressursar til program som er særskilt populære er ein langsam prosess der avgangane i dei ulike fagmiljøa på fakultetet legg rammene. Dessutan har fakultetet særskilte plikter knytt til UiB sin posisjon som eitt av få breiddeuniversitet i det nasjonale universitetslandskapet. Økonomisk sett skapar slike bindingar utfordringar for fakultetet, først og fremst ved at det er eit fåtal studieprogram som har ei netto inntening i form av resultatinntekter. I tider med gode søkjartal let dette seg handtera ved ei massiv overbooking på dei studieprogramma som har flest studieplassar. I BA-porteføljen til fakultetet gjeld dette program som har 40 studieplassar og meir.



I eit studiekvalitetsperspektiv er det ikkje ein berekraftig strategi at overbooking ved dei største studieprogramma ved fakultetet skal kompensera for rekrutteringssvikt ved mindre program. No er vi dessutan i ein situasjon der dette ikkje er mogleg. Halde saman med det store fråfallet og dei låge

gjennomføringstala, som gjeld for dei fleste BA-programma, er det opplagt at fakultetet har store utfordringar som peikar framover mot ei massiv nedgang i inntekter dei komande åra. Fakultetet må difor på éin og same gang gjera tiltak som

- (a) Aukar studentrekrutteringa
- (b) Motverkar fråfall og styrkjer gjennomføringa på studieprogramma
- (c) Legg til rette for å bruka undervisningsressursane meir effektivt

4. Arbeidet i arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa starta opp arbeidet sitt i september 2023. Fram til august 2024 har arbeidsgruppa gjennomført i alt 10 møte. Eitt av desse møta – i januar 2024 – var eit heildagsseminar. I tillegg vart det gjennomført eit seminar for alle programstyreleiarar ved fakultetet i oktober 2023. UiB Læringslab bidrog til planlegginga og gjennomføringa av baa desse seminarar.

Arbeidsgruppa har diskutert særskilte tema på kvart møte, og som oftast etter at institutt og einingar har kome med innspel i forkant. Frå starten brukte gruppa ein del tid på å operasjonalisera mandatet for prosjektet. Det som har vore særskilt krevjande å handtera, var punktet som går på at ei forenkling av porteføljen kan innebera nedlegging eller omorganisering av studieprogram. Det var ein del diskusjon i arbeidsgruppa om kor langt ein skulle gå på dette punktet. Det var likeins uklart kva handlingsrom ein hadde i lys av universitetspolitiske føringar knytt til UiB sin status som breiddeuniversitet. Undervegs i arbeidet vart det tydelegare at det var ei forventning om at HF må halda oppe tilbod om spesialisering innanfor alle fag heilt opp til phd.-nivået. Då universitetsstyret vedtok å tilrå innstillinga frå nemnda som har arbeidd med inntektsfordelinga ved UiB våren 2024, vart denne forventninga eksplisitt. Arbeidsgruppa ser det likevel slik at det òg innanfor desse rammene er rom for å tilrå strukturelle endringar i HF sin studieportefølje på ein slik måte at det svarer til mandatet for prosjektet.

For dekanatet har det vore avgjerande å syta for ei god forankring av arbeidet i studieporteføljeprojektet. Dette er mellom anna bakgrunnen for at det først vart gjennomført eit forprosjekt før sjølv hovudprosjektet starta opp. Det var òg avgjerande for at det hausten 2022 vart avvikla allmøte på alle institutta og eigne møte med alle fagkoordinatorar på fakultetet. Fakultetsstyret og studiestyret har likeins fått jamlege løypemeldingar om framdrifta i prosjektet undervegs. Prosjektet har hatt ei eiga nettside som har vorte jamleg oppdatert, og det har òg vorte informert om prosjektet i dekanatet sine månadlege nyheitsbrev. Arbeidsmåten i prosjektet har likeins vore kjenneteikna ved at fagmiljøa heile vegen har vorte bedne om å koma med innspel til prinsipielle spørsmål knytt til dei sakene som har vore drøfta i arbeidsgruppa.

På nettsida i prosjektet har det lagt ute eit tilbakemeldingsskjema. Det har diverre ikkje kome inn tilbakemeldingar til prosjektet via denne kanalen. Dette kan skuldast at det ikkje har vore heilt enkelt for tilsette og studentar å koma med innspel på denne måten. Dette kan òg sjåast som eit uttrykk for at det er krevjande å kommunisera om innhaldet i og innretninga for eit slikt prosjekt innanfor rammene av ein organisasjon som Det humanistiske fakultet. Tiltak knytt til studieporteføljen vert fort oppfatta som kontroversielle. Sidan slike tiltak i så stor grad nødvendigvis vert tolka i lys av utviklinga av fakultetet sin bemanningsplan, vert det fort mobilisert motstand mot at noko skal skje i det heile. Kommunikasjonsutfordringane i samband med prosjektet vart til dømes tydelege i etterkant av seminaret for alle fagkoordinatorane ved fakultetet i oktober 2023. Seminaret tok opp to tema: kva føresetnadar studentane som vert rekrutterte til HF har og kva generiske ferdigheiter som kjenneteiknar studieprogramma ved HF. I ettertid kom det fram at fleire av dei involverte hadde vanskeleg å sjå kva relevans tematikken på seminaret hadde i høve til arbeidet med eigen studieportefølje. Ei slik tilbakemeldinga reflekterer heilt klart nokre av dei kommunikasjonsutfordringane som har knytt seg til studieporteføljeprojektet. På ei anna side kan dei sjåast som uttrykk for at det er studieemna og eigne spesialiseringar som står i fokus for det dagelege arbeidet i fagmiljøa, ikkje nødvendigvis det felles grunnlaget som HF-programma kviler på. Ein slik «hang til nærsyn» er ei utfordring som ofte vert peikt på, og eit studieporteføljeprojekt har slik sett ein eigenverdi nettopp ved at det er heilskapen som då står i sentrum.

Dekanatet har vore merksame på kommunikasjonsutfordringane knytt til prosjektet, og har brukt mykje tid og energi på fremja ei felles forståing av dei utfordringane HF står overfor. Det har på same tid vore viktig å peika på at fakultetet framleis er i ein situasjon der vi har høve til å leggja rammer for vidareutviklinga av studieporteføljen sjølve. Tidlegare forsøk på å gjera strukturelle grep i HF sin studieportefølje, i 2010 og 2014, var tvungne fram av akutte økonomiske kriser. Dette er ikkje tilfellet no. Men dei økonomiske framtidsutsiktene er krevjande og alvorlege, og studieporteføljen ved HF må rustast for å møte desse utfordringane på ein best mogleg måte nettopp for å hindra at fakultetet kjem inn i økonomiske kriser på nytt.

Forutan den direkte dialogen med fagmiljøa og kommunikasjonen gjennom dei formelle organa på fakultetet, har forankringa av prosjektet skjedd ved å arbeida tett opp mot institutt- og einingsleiarar. Institutt- og einingsleiarar er lyttepostar, men har på same tid eit overordna strategisk ansvar for studieprogramma på eigne einingar. Samansetjinga av arbeidsgruppa har òg vore viktig i så måte, og særskilt etter at ho vart utvida med undervisningskoordinatorane. Sist, men ikkje minst, har vi hatt tett dialog med studentane sine representantar i arbeidsgruppa undervegs. Studentane – gjennom HSU – har òg vore representerte i alle andre organ der studieporteføljeprojektet har vorte tematisert, som fakultetsstyre og studiestyre.

5. Dei enkelte tiltaka opp mot mandat

Utfordringsbiletet som er skissert ovanfor er samansett, og peikar på faktorarar som òg ligg utanfor vår eigen kontroll. Men søkjartala til studieprogramma tilseier at svaret på desse utfordringane ikkje er å tilby enda meir av det same som vi har gjort før, og heller ikkje på same måte som vi har gjort før. Alle risikoar knytt til dei tiltaka som vi føreslår, må vegast opp mot den risikoen det er å ikkje gjera noko. Søkjar- og gjennomføringstala ved fakultetet syner at eit «null-alternativ» representerer ein svært høg risiko.

Eit første hovudtiltak som arbeidsgruppa vil tilrå, er å gjera endringar i sjølve strukturen i BA-løpet, og å innføra ein modell som ser slik ut:

6. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering, 200-nivå		
5. semester (H)	60 studiepoeng:		
4. semester (V)	30 studiepoeng breiddekomponent / 30 frie studiepoeng		
3. semester (H)	30 studiepoeng spesialisering		
2. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering		
1. semester (H)	Ex.phil. 10 stp.	Fellesemne HF 10 stp.	Programspesifikke innføringsemne 10 stp.

Den nye bachelormodellen ved HF inneheld følgjande moment:

1. Nytt fellesemne i førstesemester som er obligatorisk i alle bachelorgrader ved HF.
2. Alle spesialiseringar ved HF skal innehalde minst 10 til 15 studiepoeng med fellesemne. Eit fellesemne er eit emne som inngår i minst to spesialiseringar.
3. Bachelorgrader ved HF skal innehalde ein obligatorisk breiddekomponent på 30 studiepoeng. Breiddekomponenten skal vere samansett av emne som ikkje inngår i spesialiseringsfaget i programmet. Breiddekomponenten kan bestå av ein emnepakke, valfrie emne, utvekslingsopphald eller godkjent ekstern utdanning.

BA-programma ved fakultetet har i dag ein struktur der studentane sine frie studiepoeng normalt ligg i semester 5 og 6. Ein sentral intensjon bak den nye strukturen er at han vil leggja til rette for at spesialiseringane i større grad vert del av eit heilskapleg utdanningslaup. Tanken er å tydeleggjera at BA-graden er ein sum av ei spesialisering og ein breiddekomponent som til saman utgjer ei kommuniserbar humanistisk utdanning. I den nye strukturen legg vi opp til at studentane «kjem tilbake» til spesialiseringa si på 200-nivået. Slik vil kunnskapar og ferdigheiter som studentane tileignar seg som del av dei frie studiepoenga, i større grad kunna koma til nytte for studentane på 200-nivået, mellom anna i arbeidet med BA-oppgåve. Slik arbeidsgruppa ser det, vil dette grepet betre

leggja til rette for å synleggjera kunnskapane og ferdigheitene vi utrustar studentane med samla sett. Arbeidsgruppa meiner at dette vil gjera det enklare å synleggjera kva kunnskapar og ferdigheiter ein BA-grad frå HF representerer overfor målgruppene. Eit tydeligare BA-laup vil òg kunna leggja til rette for ei betre gjennomføring.

Ein hovudintensjon bak den nye strukturen er likeins å etterkoma det som heile tida har vore ei sentral tilbakemelding frå studentane i samband med studieporteføljeprojektet: Studentane ønskjer klarare tilrådingar, klarare kriterium og eit klarare utgangspunkt for korleis dei skal bruka dei frie studiepoenga som del av BA-graden. I dag opplever mange studentar dette som tilfeldig. På enkelte program er det òg mange studentar som tek dei frie studiepoenga i emne som inngår i eigne spesialiseringar. For å styrkja BA-graden som del av eit heilskapleg utdanningslaup, og for betre å utnytta den faglege breidda i fakultetet sitt studietilbod, tilrår arbeidsgruppa difor at det vert obligatorisk å ta at minst 30 av dei frie studiepoenga i BA-graden utanfor eiga spesialisering.

For å optimalisera effekten av ei slik ordning som eit innslag i eit heilskapleg utdanningslaup, tilrår arbeidsgruppa at det vert etablert eit system med tilrådde emnepakkar på 30 studiepoeng. Emnepakkar kan setjast saman av eksisterande emne – på 5, 10 eller 15 studiepoeng – som inngår i dei ulike studieprogramma ved fakultetet. Ein kan tenkja seg ulike måtar å avgrensa samansetjinga av emnepakkar på, avhengig av mål og profil. Det kan vera emnepakkar som har direkte arbeidsrelevans, til dømes ved at fleire av dei eksisterande praksisemna som vert tilbydde ved fakultetet inngår i ein eller fleire emnepakkar (t.d. PRAKTINF/AHKR201 Praksis i arbeidslivet). Det kan vera emnepakkar som skal utdjupa og utfylla den faglege spesialiseringa til studentane, eller det kan vera emnepakkar som svarar på behovet for å tydeleggjera og å gje studentane utfyllande skulering i dei generiske ferdigheitene i HF-programma. Her er det mange moglegheiter, men samansetjing av emnepakkar føreset likevel aktive og velfunderte strategiske val i fagmiljøa. For det første må kvart programstyre peika på konkrete emne i deira eigen portefølje som dei meiner kan inngå i ein eller fleire emnepakkar og ut frå kva føremål. For det andre bør kvart programstyre gjera seg opp ei meining om kva type emnepakkar det er høveleg for studentane å kombinera spesialiseringa si med. Dette vil hjelpa til å avgrensa typar og kombinasjonar av emnepakkar som skal tilbydast. Vidare vil det gje ei retning for implementeringa av og den vidare funksjonaliteten til eit system med emnepakkar. For at dette systemet skal fungera på ein god måte, må det vera eit klart medvit hjå undervisarane om kva kombinasjonar studentane normalt sett vel. Dette er òg avhengig av god kontakt over fag- og studieprogramgrensene. Det føreset òg ei god overordna koordinering.

Per i dag kan ein seia at årsstudia våre på mange vis fungerer som emnepakkar, særskilt ved at mange studentar vel eit årsstudium i tillegg til ei spesialisering som del av PPU-vegen til ein lektorkompetanse.

Men eit system med emnepakkar legg ikkje i seg sjølv til rette for å svare ut målsetnadane i studieporteføljeprojektet om å leggja til rette for meir effektiv ressursbruk eller meir tverrfaglegheit i studieporteføljen ved HF. Difor tilrår arbeidsgruppa at det òg vert formulert som eit krav at minst 10 til 15 studiepoeng i kvar spesialisering skal erstattast med tverrfaglege fellesemne. Definisjonen av fellesemne er her at dei inngår i to eller fleire spesialiseringar. Dette legg til rette for å redusera emneporteføljen i studieprogramma. Det legg vidare til rette for å bruka undervisningsressursar på tvers av studieprogram og å styrkja det tverrfaglege innslaget i programporteføljen.

Fellesemna er eit alternativ til å leggja ned eller å slå saman studieprogram. Slik arbeidsgruppa ser det, er dette per i dag det einaste tiltaket som på éin og same gang kan leggja til rette for meir effektiv ressursbruk og å styrkja det tverrfaglege innslaget i studieporteføljen ved fakultetet. Det ligg òg store studiekvalitetsmessige moglegheiter i dette. Det legg til rette for større studentgrupper i undervisninga på små program, noko som kan styrkja det sosiale miljøet i tilknytning til programma. Det opnar òg for ei god fagleg vidareutvikling av programma, og på ein slik måte at vi kan tilby program som skil fakultetet sin studieportefølje ut på ein fordelaktig måte.

Eit anna grep som arbeidsgruppa vil tilrå, er å fornya innhaldet i førstesemester. Studentane sitt møte med studietilbodet må optimaliserast. Her har det opna seg ein moglegheit i og med at kravet om ex.fac. er ute av UiB si studieforskrift. HF har per i dag to førstesemesteremne – Akademisk skriving og Språkkunnskap. I tillegg tek alle HF-studentane ex.phil. i første semester. Det finst òg programspesifikke innføringsemne på alle studieprogram ved fakultetet, med unnatak av BA i Språkvitskap.

Arbeidsgruppa tilrår at det vert gjort tiltak som betre kan utnytta effekten av eit innføringsemne som er plassert der Akademisk skriving ligg no. Akademisk skriving fyller heilt klart ein viktig funksjon ved at emnet tek opp grunnleggjande HF-ferdigheiter knytt til lesing og skriving som er under press i samfunnet dag. Men emnet må fornyast, og på eit tydelegare vis ta opp i seg dei generiske HF-ferdigheitene. Dette inneber at emnet må endra namn, og det må erstattast av eit emne som tydeleg relaterer seg til tema knytt til digitale ferdigheiter og/eller kunstig intelligens.

Fornyinga av Akademisk skriving må skje i tett tilknytning til ei vidareutvikling av dei programspesifikke innføringsemna. Programstyra må vurdere funksjonsmåten desse emna har både sett i lys av eit nytt, obligatorisk fellesemne i førstesemester og den nye strukturen i BA-graden ved fakultetet. Eit relevant spørsmål er til dømes om emna per i dag viser fram arbeidsrelevansen i dei spesifikke studieprogramma på ein tydeleg nok måte.


Arbeidsgruppa har òg drøfta stillinga for emnet Språkkunnskap. Undervegs i prosjektet har tilbagemeldingane om emnet vore at emnet fungerer bra i seg sjølv. Emnet fungerer òg som innføringsemne for BA-programmet i Språkkunnskap, og studentar på dette programmet tar både

Akademisk skriving og Språkkunnskap. Tilbakemeldingane har likevel vore at emnet har ein litt uklar funksjon i høve til dei ulike spesialiseringane i studieporteføljen ved fakultetet, og at undervisarar ofte ikkje kan leggja til grunn at studentar som følgjer undervisninga i emne som inngår i spesialiseringane faktisk har tatt Språkkunnskap. Innføringa av ny modell i lektorprogramma ved HF har gjort dette enda meir gjeldande enn før. Lektorstudentar frå og med kull haust 2024 vil ikkje ha tatt Språkkunnskap som del av første semester.

Arbeidsgruppa har konkludert med at problematikken knytt til Språkkunnskap i si noverande form går utanfor mandatet vårt. Det vert i røynda opp til fagmiljøa sjølve å avgjera om emnet skal haldast oppe som det er, anten som eit programspesifikt innføringsemne for eitt eller fleire program, eller om tematikken i emnet kan innlemmast i spesialiseringar der det er behov for det. Uavhengig av kva løysing dei aktuelle programstyra vel, må det sikrast ei overgangsordning for Språkkunnskap for dei programma som nyttar seg av emnet i dag.

Målet for oppgraderinga av førstesemesteret må vera at studentane får eit godt møte med fakultetet både fagleg og sosialt og motiverer dei for å fullføra ein grad. I sum må det gje ei innføring i dei faga studentane har kome til oss for å studera, i tillegg til generiske ferdigheiter, visa fram arbeidsrelevans, å leggja til rette for ei kullkjensle og å fremja ein HF-identitet i studentmassen. Arbeidet med førstesemesteret må difor skje i tett tilknytning til ei vidareutvikling av mentorordninga ved fakultetet, rekrutteringsarbeidet og det heile arbeidet for å styrkja måten vi tek imot studentane på når dei startar hjå oss.

Tiltaka som arbeidsgruppa føreslår, vil ha konsekvensar på mange plan. Det har vore eit sentralt utgangspunkt for prosjektet at studieporteføljen ved HF må reduserast og tilpassast undervisningsressursane vi rår over på ein betre måte. Arbeidsgruppa har teke til følgje at ein slik reduksjon ikkje kan oppnåast gjennom å redusera talet på studieprogram. Det viktigaste enkelttiltaket i så måte er difor tilrådinga om at det vert etablert fellesemne som inngår i fleire program. Dette grepet fordrar òg at fagmiljøa – ved programstyra – brukar dette høvet til å diskutera og gjennomgå heilskapen i eigne program, både i lys av korleis det tverrfaglege innslaget kan styrkjast og tilpassast ein ny struktur i BA-gradane ved fakultetet.



Framdriftsplan for Studieporteføljeprojektet ved HF

Framdriftsplanen skal gje ei overordna ramme for framdrifta vidare i Studieporteføljeprojektet, og gje ei oversikt over tiltak og fristar. Den har som mål å strukturere arbeidet med å implementere tilrådingane frå sluttrapporten.

DEL 1 - Organisatoriske prinsipp og rammevilkår	
Tiltak	Frist
Tiltak 1 - Prinsipp for fordeling av resultatmidlar og fagleg/organisatorisk samarbeid	Innan utgangen av 2024
Tiltak 2 - Studieadministrativ organisering	Innan utgangen av 2024
DEL 2 – Utvikling og implementering av ny bachelormodell hausten 2025	
Tiltak	Frist
TIL HAUSTEN 2025	
Tiltak 3 – Utvikling av nytt fellesemne i første semester	15. februar 2025
Tiltak 4 - Utvide mentorordning til heile første studieår og onboarding av nye studentar	1. juni 2025
TIL HAUSTEN 2026	
Tiltak 5 - Utvikling av fellesemne i spesialisering	15. januar 2026
Tiltak 6 - Utvikling av emnepakkar	15. januar 2026
Tiltak 7 - Revisjon av alle bachelorprogram ved HF	15. januar 2026
Del 3 – Drift og evaluering	
Tiltak	Frist
Tiltak 8 - Evaluering av studieporteføljeprojektet gjennom UiB sitt studiekvalitetssystem	

Vidare organisering

Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet er eigar av prosjektet, og skal haldast orientert om utviklinga og framgangen i prosjektet. Den vidare organiseringa av prosjektet følgjer den vanlege myndigheitsstrukturen ved fakultet. I tillegg vil prosjektet ha ei styringsgruppe og eit sekretariat. Ansvar for framdrifta i prosjektet blir delt mellom tre ledd:

1) Styringsgruppe

Institutt- og senterleiarar, visedekan for utdanning og studiesjef utgjer styringsgruppa for prosjektet. Visedekan er leiar for gruppa. Styringsgruppa har det overordna ansvaret for koordinering av tiltaka i prosjektet, sikre framdrift og stå for strategiske avklaringar der det er behov. Vidare har styringsgruppa ansvar for å sikre felles møteplassar på tvers av institutt og fagmiljø for å sikre gode rammer for tverrfagleg samarbeid.

2) Studiestyret

Studiestyret har det operative ansvaret for framdrifta i prosjektet. Studiestyret har ansvar for godkjenning av reviderte emneomtalar, studieplanar, fellesemne og emnepakkar knytt til Studieporteføljeprojektet og skal følgje opp tiltaka som fakultetsstyret vedtar i prosjektet. Studiestyret har eit særskilt ansvar for å sikre studiekvalitet og felles implementering på tvers av institutt/senter.

I prosjektperioden vil møteaktiviteten til Studiestyret trappast opp, slik at organet har tilstrekkeleg med tid til å handtere oppgåvene knytt til prosjektet i tillegg til ordinære oppgåver.

Studiestyret er leia av undervisningsdekan, og er samansett av undervisningskoordinatorar frå alle institutt/senter inkludert representant for lektorutdanninga. I tillegg er både studentar og administrativt tilsette representert i Studiestyret, og organet er særskilt godt eigna til å sikre det operative i prosjektet. Undervisningskoordinatorane vil ha ei nøkkelrolle i prosjektet, ved å hjelpe fagmiljø frå eigne institutt i gjennomføring av tiltaka. Undervisningskoordinatorane skal òg sikre tverrfaglege møtepunkt som er viktige i utvikling av fellesemne og emnepakkar. I tillegg til møta i studiestyret bør det i prosjektperioden etablerast eit uformelt møtepunkt for undervisningskoordinatorane, slik at dei kan leggje til rette for samarbeid på tvers utan formelle møte i Studiestyret.

Studiestyret rapporterer til fakultetsstyret.

3) Sekretariat

I prosjektperioden vil studieseksjonen ved fakultetet vere sekretariat for styringsgruppa og Studiestyret, og ha ansvar for den daglege drifta i prosjektet.

Sekretariatet vil ha ansvar for mellom anna å:

- Førebude møte i styringsgruppa
- Vere bindeledd mellom styringsgruppa og Studiestyret
- Hjelpje studieadministrasjonen på institutta ved behov
- Setje i gang dei ulike tiltaka og styre prosessane der det er behov
- Følgje opp bestillingar, analysar og andre avklaringar som styringsgruppa, Studiestyret, Fakultetsstyret eller institutta har behov for

Tiltaksplan

Tiltaksplanen er delt inn i tre delar, som inneberer både utvikling, implementering og evaluering av tiltaka vedtatt i prosjektet. Tiltaksplanen legg opp til ein trinnvis implementering av tiltaka i prosjektet. Første opptak på ny bachelormodell er hausten 2025, og nytt førstesemester blir tilbydd nye studentar hausten 2025. Implementering av emnepakkar og fellesemne må vere på plass til oppstart for kull hausten 2026, men det er mogleg med tidlegare implementering for fagmiljø som ønskjer det.

Som eit første tiltak skal det setjast ned ei task force som skal komme med framlegg til tiltak som skal styrkja gjennomføring og auka studiepoengproduksjonen fortløpande.

DEL 1 – Organisatoriske prinsipp og rammevilkår

Tiltaka prosjektet innfører vil føresetje meir samarbeid på tvers av institutt/sentergrenser. For å sikre at programstyra har gode rammer for arbeidet er det fleire avklaringar som må på plass før programstyra går i gang med sitt arbeid. I hovudsak må rammene for tverrfagleg samarbeid definerast.

Tiltak 1: Prinsipp for fordeling av resultatmidlar og fagleg/organisatorisk samarbeid
Frist: innan utgangen av 2024

HF må riggast betre for samarbeid på tvers av instituttgrenser, og på tvers av eksisterande styringsorgan. Prosjektet må ta stilling til korleis vi skal administrere

fellesemne og emnepakkar. Vidare må det avklarast økonomiske rammer før fagmiljø kan utvikle desse fellesemna og emnepakkane.

Spørsmål som må takast stilling til er:

- Kven har den faglege styringa og vedtaksmyndigheit for fellesemne?
- Kven har det studieadministrative ansvaret for fellesemne?
- Kven har den faglege styringa for tverrfaglege emnepakkar?
- Kven har det studieadministrative ansvaret for tverrfaglege emnepakkar?
- Utarbeiding av rammer for studiekvalitet i emnepakkar og fellesemne (t.d. felles mal for emnepakkar)
- Fordeling av studiepoeng ved fellesemne
- Utteljing for/føring av undervisningsressursar på tvers av fagmiljø
- Utarbeiding av felles normer for bruken av undervisningsressursar, særleg på fellesemne/tverrfaglege emnepakkar

Det må setjast ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette tiltaket.

Tiltak 2: Studieadministrativ organisering

Frist: innan utgangen av 2024

Studieadministrasjonen på HF må riggast for meir samarbeid på tvers, og det er fleire punkt som må utgreiast i løpet av prosjektperioden.

Døme på punkt som må utgreiast er:

- Gjennomgang av tiltaka i prosjektet
- Opplæring for studienettverket i utviklingsarbeid knytt til prosjektet
- Revisjon av HF sine utfyllande reglar
- Fellesemne og emnepakkar og konsekvens for undervisning- og eksamensplanlegging
- Utvikling av nettsider for kommunikasjon av emnepakkar
- Rekruttering

Studieadministrasjonen på fakultetet vil gjennomføre eit eige prosjekt på dette hausten 2024.

DEL 2 – Utvikling og implementering av ny bachelormodell hausten 2025

6. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering, 200-nivå		
5. semester (H)	60 studiepoeng:		
4. semester (V)	30 studiepoeng breiddekomponent / 30 frie studiepoeng		
3. semester (H)	30 studiepoeng spesialisering		
2. semester (V)	30 studiepoeng spesialisering		
1. semester (H)	Ex.phil. 10 stp.	Fellesemne HF, 10 stp.	Programspesifikke innføringsemne 10 stp.

Prosjektet legg opp til innføring av ny BA-modell ved HF frå kull hausten 2025. Modellen inneber eit obligatorisk fellesemne i første semester, og ein obligatorisk breiddekomponent på 30 studiepoeng i 4. eller 5. semester.

Det blir lagt opp til trinnvis implementering av modellen:

- Hausten 2025: nytt innhald i første semester (fellesemne), med ei overgangsordning for program som bruker EXFAC00SK.
- Hausten 2026: fellesemne i spesialisering og emnepakkar er ferdig utvikla.

Første semester for emnepakkar for kull haust 2025 er vårsemesteret 2027. Emnepakkar kan implementerast før våren 2027 dersom fagmiljø ønskjer det.

Alle bachelorprogram må gjennom revisjonsarbeid for å tilpasse seg den nye strukturen, og utvikling av tiltak 5 - 7 må gjennomførast fortløpande fram mot hausten 2026.

Tiltak for implementering hausten 2025

Tiltak 3: Utvikling av nytt fellesemne i første semester

Frist: 15. februar 2025

Innhaldet i førstesemester skal fornyast og det skal opprettast eit nytt fellesemne i førstesemester som er obligatorisk i alle bachelorgrader ved HF. Første undervisningssemester er hausten 2025.

Følgjande moment må takast med i arbeidet:

- Det må utgreiast korleis emnet kan vidareutviklast på ein måte der det tydeleg relaterer seg til tema knytt til digitale ferdigheiter og/eller kunstig intelligens på same tid som det opprettheld den viktige funksjonen dagens Akademisk skriving har knytt ti lesing og skriving som grunnleggjande HF-ferdigheit.

- Utviklinga av emnet må skje i tett tilknytning til (vidareutvikling av) dei programspesifikke innføringsemna.
- Emnet må kunne handtere ei større studentmasse enn dagens Akademisk skriving.
- Avklaringar knytt til innpassing, godkjenning

Det må setjast ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette tiltaket.

Tiltak 4: Utvide mentorordning til heile første studieår og onboarding av nye studentar

Frist: 1. juni 2025

Dagens mentorordning varer ut første semester, og prosjektet tilrår å utvide mentorordninga til heile første studieår. Utvida mentorordning og tiltak for onboarding av nye studentar må vere klart til hausten 2025 og må sjåast i samanheng med revidert innhald i første semester. Det må setjast ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med dette tiltaket.

Tiltak for implementering hausten 2026

Tiltaka som skal implementerast frå hausten 2026 vil hovudsakleg skje i fagmiljøa. Prosjektet må sikre felles møtepunkt på tvers av fagmiljø og institutt i utviklingsarbeidet.

Tiltak 5: Utvikling av fellesemne i spesialisering

Frist: 15. januar 2026

Alle spesialiseringar ved HF skal innehalde 10 til 15 studiepoeng med fellesemne. Definisjonen for fellesemne er at emnet inngår i to eller fleire spesialiseringar ved fakultetet. Fellesemnet kan ligge når som helst i spesialiseringa, i 2., 3. eller 6. semester i studieprogrammet.

Tiltak 6: Utvikling av emnepakkar

Frist: 15. januar 2026

Som eit ledd i å tenke studieprogram som heilskaplege utdanningslaup, så skal det etablerast eit system ved HF med tilrådde emnepakkar på 30 studiepoeng. Emnepakkar kan setjast saman av eksisterande emne som inngår i dei ulike studieprogramma ved fakultetet. Alle programstyrer ved HF må:

- Peika på konkrete emne i eiga portefølje som dei meiner kan inngå i ein eller fleire emnepakkar og ut frå kva føremål.

- Det må utarbeidast informasjonsmateriell knytt til emnepakken (mål med emnepakken, læringsutbyte, emne i emnepakken, gjennomføring og oppbygging) – fakultetet har utarbeida ein mal for informasjonsmateriell.
- Finne emnepakkar det er høveleg for studentane å kombinera spesialiseringa si med.
- Sikre god kontakt over fag- og studieprogramgrenser
- Studiekvalitet i emnepakkar, korleis sikre vidareutvikling etc.
- Utreie moglegheit for utvikling av engelskspråklege emnepakkar tilgjengeleg for innreisande studentar

Tiltak 7: Revisjon av alle bachelorprogram ved HF

Frist: 15. januar 2026

Alle bachelorprogram ved HF må gjennom ein revisjon for å tilpasse seg tiltaka i prosjektet. Dette gjeld mellom anna:

- Alle studieplanar må reviderast med nytt gradskrav
- Alle studieprogramsider må reviderast for å sikre god informasjon og god rekruttering til programma
- Nye vitnemålstekstar
- Alle programstyrer må identifisere tiltak som kan bidra til å styrkje gjennomføringa i reviderte program

DEL 3 – Evaluering

I løpet av prosjektperioden må det lagast plan for følgjeevaluering og eventuell vidareutvikling av tiltaka i prosjektet. Rekrutteringsgevinsten i prosjektet vil først vere mogleg å vurdere når eitt kull har vore gjennom heile programmet. Kullet som startar hausten 2026 er første kull som får alle tiltaka i prosjektet, og gevinstar knytt til rekruttering og gjennomføring kan først vurderast etter vårsemesteret 2029. I løpet av prosjektperioden må det lagast plan for langsiktig oppfølging av studieporteføljen ved HF.

Tiltak 8: Evaluering av studieporteføljeprojektet gjennom UiB sitt studiekvalitetssystem

Tiltaket skal utarbeide rutinar for å sikre at nyvinningane i prosjektet blir evaluert og vidareutvikla i tråd med UiB sitt reviderte studiekvalitetssystem. Dette er spesielt viktig for delar av prosjektet som ikkje har ein etablert plass i evalueringssyklusen (til dømes emnepakkar).